

Meir vatn ikkje ynskjeleg

19.09.2012

I samband med arbeidet med bustadfeltet Ospelunden blir det peika på som eit mogeleg problem at det går røyrlidning under vegbana og gjennom eigedomen til Olav Tvilde. Leidningen er ikkje dimensjonert for store og større vassmengder. Etter at gang- og sykkelvegen kom vart deler av gamal røyrlidning fornya.

Den gongen opplyste vegvesenet at leidningen var for store nedbørsmengder men at den normalt ville vera tørr.

Tvilde reknar no med at det i samband med utbyggjinga ikkje vil bli kanalisert meir vatn gjennom dette systemet og at kompetente personar har vurdert saka slik at han ikkje får meir vatn gjennom eigedomen, skriv han til kommunen